



ÅL KOMMUNE

INFORMASJON OM BARNEHAGE

I dette heftet er det samla informasjon som kan vere nyttig når barnet dykker har fått tildelt barnehageplass



LOV OM BARNEHAGAR

Lov om barnehagar er grunnleggjande for drifta av barnehagane. Ein barnehage er ei pedagogisk tilrettelagt verksemd for barn i alderen 0-6 år. Vidare fylgjer utdrag frå lova:

§ 1. Formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg

selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

§ 2. Barnehagens innhold

Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet. Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter. Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur. Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap. Barnehagen skal støtte barns nysjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og

ferdigheter. Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.

Departementet fastsetter en rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhold og oppgaver. Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold. Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.

§ 3. Barns rett til medvirkning og hensynet til barnets beste

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet og i saker som gjelder dem selv. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltagelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal

tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet. I alle handlinger og avgjørelser som gjelder barn i barnehagen, skal hva som er best for barnet, være et grunnleggende hensyn.

RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN

Rammeplanen er ei forskrift til Lov om barnehagar og gjev retningsliner for innhaldet og oppgåvene til barnehagen. Rammeplanen slår fast at innhaldet i barnehagen skal bygge på eit heilskapleg læringssyn, der omsorg, leik og læring er sentrale element. I tillegg vektlegg rammeplanen sosial og

språkleg kompetanse, samt sju fagområde som viktige når det gjeld barnehagen sitt læringsmiljø. Dei sju fagområda er:

- kommunikasjon, språk og tekst
- kropp, rørsle, mat og helse
- kunst, kultur og kreativitet
- natur, miljø og teknologi
- etikk, religion og filosofi
- nærmiljø og samfunn
- mengde, rom og form

ÅRSPLAN

Årsplanen skal gje informasjon om korleis barnehagen vil arbeide med omsorg, danning, leik og læring for å sikre barna gode utviklings- og aktivitetsmoglegheiter i samarbeid med foreldra. Årsplanen skal vere ein konkretisering av den einskilde barnehage sitt arbeid jf Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagen. Årsplanen bygger på ein felles generell del som gjeld alle barnehagane i Ål.

ADMINISTRATIV TILKNYTNING

Det er viktig at alle kjenner strukturen slik at dei når fram med sine saker til rette vedkomande og dermed få hjelp så raskt som mogleg.

Sektorutval for kultur og oppvekst (SUKO) er oppvekstsektoren sitt politiske organ. All sakshandsaming til SUKO blir førebudd ved oppvekstkontoret, som held til på Tingstugu. Styrar er arbeidsgjevar sin representant i den einskilde barnehage, og kommunalsjef for oppvekst er styrar sin nærmeste overordna. Saker som styrar ikkje kan avgjere blir sendt vidare til kommunalsjefen.

Barnehageopptaket blir gjort administrativt i samsvar med lovverk og vedtekne opptaksriterium. Ev klager blir handsama av eiga klagenemnd, nedsett av SUKO.

SAMARBEIDSUTVAL (SU), FORELDRERÅD OG FORELDREMØTE

Den einskilde barnehage har SU som det øvste organet i barnehagen. SU skal først og fremst vere eit samarbeidsorgan mellom foreldra og barnehagen og ta seg av det indre livet i barnehagen. SU i barnehagane har representantar frå foreldra, dei tilsette og kommunen (politisk representant).

Foreldrerådet er alle føresette. FAU er arbeidsutval for Foreldrerådet og skal fremje fellesinteresser og bidra til å skape eit godt barnehagemiljø.

Styrar kallar inn til foreldremøte der dei tek opp saker dei vil drøfte eller informere foreldra om.

BETALINGSSATSAR/BETALINGSREGLEMENT

Kommunestyret har vedteke følgjande betalingsreglement for barnehagane i Ål frå 01.08.2024:

1. Betalingssats
5 dagars barnehageplass – kr 1 500,- pr månad
2. Syskenmoderasjon
Det vert gjeve 30 % syskenmoderasjon i foreldrebetalinga for barn nr 2 og for barn nr 3 eller fleire er barnehage gratis.
3. Moderasjonsordningar for hushaldningar med låg inntekt
 - a) Reduksjon i foreldrebetalinga
Ingen hushaldningar skal betale meir enn 6 % av inntekta for ein barnehageplass.
Hushaldningar som kan dokumentere ei samla skattepliktig kapital- og personinntekt på mindre enn kr 275 000,- jf. siste skattemelding, kan søkje om redusert betalingssats.
 - b) Gratis kjernetid for 2-, 3-, 4- og 5-åringar

2-, 3-, 4- og 5-åringar som bur i hushaldningar med låg inntekt har rett til 20 timer gratis oppholdstid pr. veke. Hushaldningar som kan dokumentere ei samla skattepliktig kapital- og personinntekt på mindre enn kr 642 700,- jf. siste skattemelding, kan søkje om gratis kjernetid.

Sjå retningsliner og søknadsskjema på www.aal.kommune.no

4. Mat i barnehagen

Mat i barnehagen skal vere sjølvfinansiert og kjem i tillegg til sats for foreldrebetaling.

5. For sein henting

Føresette som gjentatte gonger ikkje hentar sine barn til rett tid, må etter ein skriftleg advarsel betale kr 200,- pr. påbegynt $\frac{1}{2}$ time ved for sein henting.

6. Utsending av faktura

Det vert sendt faktura for 11 månader. Juli er betalingsfri månad og føreset at barnet er ute fire heile veker i løpet av barnehageåret. Forfallsdato 20. i kvar månad.

7. Manglande betaling

Ved manglande foreldrebetaling i meir enn 2 månader, vert det sendt varsel om oppseiing av plassen.

ENDRING ELLER OPPSEIING AV BARNEHAGEPLASS

Barnehageåret fylgjer skuleåret og startar i midten av august og varar til midten av august neste år.

Ein tildelt barnehageplass kan endrast eller seiast opp dersom behovet endrar seg i løpet av året.

Søknad om endring og oppseiing skal skje elektronisk via Foreldreportalen. Sjå www.aal.kommune.no for meir informasjon.

Oppseiing av plass (heile eller delar av tildelt plass) blir rekna frå den 1. i månaden etter at oppseiinga er motteke. Det er ikkje høve til å seie opp plassen innanfor eit barnehageår etter 1. april.

Skulestartarar kan slutte i barnehagen 1. august dersom plassen blir sagt opp innan 1. mai.

NY I BARNEHAGEN

Dei første leveåra er svært viktige og små barn har eit stort behov for tryggleik og gode relasjonar både heime og i barnehagen. Det å byrje i barnehage er ein stor overgang for små barn, og dei treng at foreldra og dei tilsette i barnehagen samarbeider om å gjere overgangen god og trygg.

Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjend, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og andre barn. Barn er ulike og tilvenningstida må tilpassast individuelt for kvart barn. Det er lurt å vere førebudd på at det kan ta tid.

I samband med oppstart av nytt barnehageår, sender barnehagane ut informasjon om oppstartstidspunkt. Ved tildeling av plassar elles i året, tek føresette sjølv kontakt med barnehagen for å avtale oppstartstidspunkt.

Barnehageåret startar samtidig med skuleåret. Barn som har behov for å starte frå 1. august, kan ta kontakt med barnehagen. Dette er mogleg dersom det er ledig kapasitet.

FERIAR OG FRIDAGR

Barnehagane har stengt mellom jul og nyttår og mellom palmesundag og skjærtorsdag i påskeveka. Det er også stengt dei to siste vekene i juli.

Alle barnehagane har stengt 5 planleggingsdagar kvart år. Desse dagane er spreidd utover i barnehageåret, og er så langt det er råd, lagt saman med skulen sine planleggingsdagar.

Krav om barnehagebetaling blir sendt ut for 11 månader. Den 12. månaden er betalingsfri, og blir rekna som barna sin ferie. Dersom det ikkje blir teke ut ferie for barna, blir det pårekna ekstra betaling.

Fylgjande reglar for ferie gjeld:

1. Ferien skal vere planlagt og avtalt med barnehagen på førehand.
2. Ei heil ferieveke er det same tal dagar barnet har barnehageplass.
3. Jul og påske vert rekna som ei ferieveke.
4. Brukar barnet likevel barnehagen ein dag i oppsett ferieveke, blir ikkje dette rekna som heil ferieveke.

HELSE OG SJUKDOM

Alle barn som byrjar i barnehage skal leve helseerklæring på fastsett skjema i barnehagen. Skjema blir delt ut i barnehagen.

Barnehagane fylgjer retningslinene frå Statens institutt for folkehelse når det gjeld sjukdom. Barnet må ha god almenntilstand, samt vere smittefri før det tek til att i barnehagen etter sjukdom. Dersom barnet har ein smittsam sjukdom, må barnehagen få melding om dette. Barnehagane bruker "Kan eg gå i barnehagen i dag" som er retningslinjer frå FHI. [Når må barn være hjemme fra barnehagen? - FHI](#)

Dersom barnet grunna allergi eller andre tilhøve treng medisinering i barnehagetida, må det gjerast skriftlege avtaler med barnehagen om dette. Barnehagen gjev nærmere informasjon om slike avtaler.

Føresette og tilsette er oppmoda om å bruke minst mogleg parfyme og ta hensyn til sterke lukter som t.d parfyme, hårspray og skyllemiddel.

KOST

Barna har med seg matpakke, men får mjølk i barnehagen. Barna får frukt kvar dag. Det blir laga nokre måltid i barnehagen. Mat skal vere sjølvfinansiert og kjem i tillegg til ordinær betalingssats.

TEIEPLIKT OG POLITIATTEST

Alle som arbeider i barnehagane har teieplikt etter § 13 i Forvaltningslova. Dette gjeld også ev. studentar, hospitantar, skulelevar og lærlingar som har ein form for praksis i barnehagen. Alle som skal opphalde seg saman med barna skal også leve godkjent politiattest før dei tek til i arbeid.

TVERRFAGLEG TEAM OG HJELPEINSTANSAR

Tverrfagleg team har ein rådgjevande og rettleiande funksjon. Føremålet er tidleg innsats og å gje fagleg støtte så tidleg som mogleg. Tverrfagleg møte skal vere eit lågterskeltilbod til barnehage og føresette.

Tverrfagleg team er sett saman av kontaktpersonar frå pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), helsestasjonen og psykisk helse, saman med representantar frå den einskilde barnehage. Representant frå barnevernstenesta deltek fast ein gong i året, og elles ved innkalling.

Føresette som ynskjer råd og hjelp frå tverrfagleg team, kan ta kontakt med eigen barnehage. Det er utarbeidd eit eige informasjonshefte om hjelpeinstansane. Sjå [www.aal.kommune.no](#)

KONTANTSTØTTE

Barn som mottek kontantstøtte og som søker barnehageplass, vil miste retten til kontantstøtte. Dei føresette pliktar å gje melding til NAV når de mottar barnehageplass. Sjå www.nav.no for meir informasjon.

VEDTEKTER

Fylgjande vedtekter er utarbeidd for barnehagane i Ål kommune:

VEDTEKTER FOR DE KOMMUNALE BARNEHAGANE I ÅL	
	<p>Vedteken av kommunestyret sak 18/04. Endra i SUO sak 3/06, sak 28/07, sak 15/08, sak 05/09, sak 03/10 og sak 28/10. Endra i SUKO, sak 11/13, § 14 er endra i samsvar med Kommunestyrevedtak, sak 13/13. Endra i Kommunestyret, sak 70/13 og sak 73/14. Endra i SUKO, sak qq og 39/16. Endra i SUKO sak 14/2023. Endra i SUKO, sak 25/2024</p>
§ 1 EIGAR	Ål kommune er eigar av barnehagane og ansvarleg for drifta.
§ 2 FORVALTNING	<p>Barnehagane skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar (heretter barnehagelova) og dei forskrifter og retningslinjer departementet til ei kvar tid fastset for barnehagedrift. Likeins i samsvar med kommunale vedtak og planverk for den einskilde barnehage.</p> <p>Sektorutvalet for oppvekst (SUKO) er politisk fagutval for barnehagane i kommunen.</p> <p>Endring av vedtekene for dei kommunale barnehagane kan vedtakast av SUKO. Større endringar og prinsipielle endringar skal leggjast fram for kommunestyret.</p>
§ 3 FORMÅL OG INNHOLD	<p>Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.</p> <p>Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Dei skal få utfalde skaparglede, undring og utforskarkrøng. I tillegg skal dei utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter.</p> <p>Barna skal samtidig ha rett til medverknad, tilpassa alder og føresetnader, jf. barnehagelova § 1 andre ledd.</p> <p>Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt. Følgeleg skal barnehagen fremje demokrati og likestilling, samt motarbeide alle formar for diskriminering, jf. barnehagelova § 1 tredje ledd.</p>

	<p>Departementet fastset nærmere regler om barnehagens innhald og oppgåver i form av ei rammeplan ved forskrift. Barnehagen sin eigar kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold. Med utgangspunktet i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalet for kvar barnehage fastsetje ein årsplan for den pedagogiske verksemda, jf. barnehagelova § 2 siste ledd.</p> <p>Barnehagen forventar at foreldre/føresette møter til foreldresamtalar og elles tek del i andre aktivitetar som det vert lagt til rette for.</p>
<p>§ 4 FORELDRERÅD, SAMARBEIDSUTVAL</p>	<p>Det følger av barnehagelova § 4 at kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU).</p> <p>Foreldrerådet består av foreldre til alle barna i kvar barnehage, jf. andre ledd fyrste punktum. Rådet vel sjølv leiar for foreldrerådet og FAU (foreldrerådets arbeidsutval).</p> <p>Samarbeidsutvalet skal bestå av fylgjande medlemmer:</p> <ul style="list-style-type: none"> - To representantar frå foreldra. - To representantar frå dei tilsette. - Styrear. <p>Ein politisk representant frå SUKO</p>
<p>§ 5 GODKJENNING</p>	<p>Alle barnehagane er godkjent for barn i alderen 0 til 6 år.</p> <p>Arealnormene for leike- og oppholdsareal:</p> <ul style="list-style-type: none"> - 4 m² per barn over 3 år. - 5,5 m² per barn under 3 år. <p>Uteområdet skal vere seks gonger leike- og oppholdsarealet inne. Krava er å sjå på som minimumskrav. Administrasjonen vurderer ved kvart opptak den praktiske arealutnyttinga. Omsynet til barn med funksjonshemmning og talet på barn over og under 3 år skal vera med i ei slik vurdering.</p>
<p>§ 6 ÅPNINGSTID</p>	<p>Barnehagane er heildagsbarnehagar, som er 5 dagar i veka.</p> <p>Opningstida er frå klokka 07.30-16.30, men kan ved redusert behov vere kortare.</p>

§ 8
SØKNAD OM
BARNEHAGE- PLASS

Ål kommune nyttar det elektroniske opptakssystemet Visma Flyt Barnehage sin føresetteportal ved søknad om barnehageplass. Elektronisk søknadsskjema ligg på Ål kommune si heimeside.

Fristen for å søkje om barnehageplass i samband med hovudopptaket er 1. mars, etter føreutgåande kunngjering i lokalpressa i februar månad.

Det kan også søkjast om plass elles i året. Då vert plassar tildelt fortløpande etter venteliste, og i den barnehagen som har ledig kapasitet. Plassar som skal takast i bruk etter at barnehageåret har starta opp, blir tildelt to månader innan ønska oppstartsdato, med oppstart seinast to månader etter ønska oppstart.

Barn under 11 månader vil ikkje få tilbod om barnehageplass utan at det føreligg vedtak etter Lov om barneverntenester (heretter barnevernslova) §§ 5-1 fyrste ledd bokstav a til d, 3-1 og 3-4 fyrste ledd bokstav b , jf. barnehagelova § 18. Det er krav om sakkunnig vurdering i høve nedsett funksjonsevne.

§ 9
OPPTAKSKRITERIUM

Opptaket skal handsamast i samsvar med gjeldande rutinar, lover og forskrifter. Etter barnehagelova § 16 har kommunen plikt til å gje tilbod om barnehageplass til barn under opplæringspliktig alder og som er busett i kommunen. Dei som søker barnehageplass må såleis vere busett i kommunen innan barnehageplassen vert teke i bruk.

Fylgjande kriterium skal leggjast til grunn ved opptak av barn til barnehageplass etter slik prioritet:

1. Barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er gjort vedtak om etter barnevernslova §§ 5-1 fyrste ledd bokstav a til d, 3-1 og 3-4 fyrste ledd bokstav b, jf. barnehagelova § 18. Det er krav om sakkunnig vurdering i høve nedsett funksjonsevne.
2. Barn med spesielle behov for stimulering og miljøforandring og barn med spesielle behov for tilsyn grunna sjukdom. Begge tilhøve krev skriftleg uttale frå fagperson.
3. Barn som er tildelt barnehageplass har rett til same tilbod påfølgjande år og har prioritet ved ønske om endring av barnehage.
4. Barn av tilsette som har kristisk og/eller funksjon som er vanskeleg/umogeleg å erstatte i Ål kommune som arbeidsgjevar. Desse barna vil bli vurdert prioritert dersom føresette har ein kritisk funksjon i Ål kommune.
5. Barn som fyller eit år i august, september, oktober eller november det året det søkast barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehagen innan utgangen av den månaden barnet fyller eit år, jf. barnehagelova § 16 andre ledd. Dette gjeldt dersom ein søker plass i hovudopptaket den 1. mars.

	<p>6. Nye barn skal takast inn etter alder slik at dei eldste vert prioriterte.</p> <p>Ved fordeling av plassane til barna skal ein ved val av barnehage legge vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Foreldra sin prioritering av barnehage. - Nokolunde lik fordeling når det gjeld barn teke inn etter kriterium 1 og 2. - Barn som allereie har sysken med tildelt plass, skal prioriterast til plass i same barnehage når det er ledig kapasitet. - Hensiktsmessig samansetting av barnegruppene. <p>Alle barnehagane, avhengig av godkjenning, skal ha grupper for barn under tre år og barn over tre år.</p>
§ 10 PLASSTILBOD	<p>Det skal gjevast følgjande tilbod om plass i dei kommunale barnehagane:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Barnehagane i Ål har kun tilbod om 5 dagars barnehageplass - Opptaket vert gjort etter gjeldande inntakskriterium, jf. § 9 - Ein må svare på tilbod om plass innan fristen, elles går plassen vidare til andre på venteliste <p>Ein beheldt plassen fram til skulestart eller fram til den seiast opp.</p>
§ 11 BARNEHAGEÅRET	<p>Barnehageåret er eitt kalenderår og vert rekna frå skulestart i august. I samband med oppstart av det nye barnehageåret, må plassen for nye søkerar takast i bruk innan utgangen av den månaden barnet fyller eit år, jf. rett til plass i barnehage. Barnehageplassen vert automatisk sagt opp når barnet byrjar på skulen.</p>
§ 12 OPPTAKSMYNDE	<p>Opptaket skal handsamast i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Avgjerdssrett som gjeld opptak av barn til barnehagane er delegert til kommunalsjef for oppvekst.</p> <p>SUKO er klageinstans ved hovudopptak.</p>
§ 12 OPPSEIING	<p>Oppseiing av barnehageplass, skal skje med ein månad varsel. Oppseiinga gjerast inne på foresattportalen, og vert rekna frå den 1. i månaden etter at oppseiinga er motteken.</p> <p>Skulestartarar som skal slutte 1. august, må si opp plassen innan 1. mai, for å ikkje bli fakturert for august.</p> <p>Ved flytting eller dersom plassen kan tildelast andre søkerar, har administrasjonen høve til å vurdere oppseiinga i kvart einskild tilfelle.</p>

	<p>Det må betalast for unytta plass dersom den ikkje er sagt opp – i forhold til vedtekten.</p>
§ 13 BETALING	<p>Sats for foreldrebetaling vert fastsett av kommunestyret etter gjeldande lover og forskrifter. Mat i barnehagen skal vere sjølvfinansiert og kjem i tillegg til sats for foreldrebetaling.</p> <p>Det vert sendt rekning for 11 månader. Juli er betalingsfri månad. Ein føreset at alle barn skal vere ute av barnehagen i minst 4 heile veker i løpet av året.</p> <p>Ved manglande foreldrebetaling i meir enn 2 månader, vert det sendt varsel om oppseiing av plassen.</p> <p>Føresette som gjentatte gonger ikkje hentar sine barn til rett tid, og må etter skriftleg varsel om betale ein fastsett sats pr. påbegynt $\frac{1}{2}$ time ved for sein henting.</p> <p>Moderasjonsordningar</p> <p>Det gis 30% syskenmoderasjon for barn nummer 2. For barn nummer 3 og fleire er det gratis barnehageplass.</p> <p>Redusert betaling innvilgast etter fylgjande moderasjonsordningar for hushaldningar med låg inntekt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Maksimaltprosent av inntekta. Ingen skal betale meir enn 6% av inntekta for ein barnehageplass avgrensa oppover til maksimalgrensen for foreldrebetaling. - Gratis kjernetid, 20 timer i veka, for 2-, 3-, 4- og 5 åringer, samt barn med utsett skulestart. Inntektsgrunnlaget bestemmas av departementet. <p>Foreldre må søkje om redusert betaling og gratis kjernetid via kommunen si heimeside. Søknadsfristen er 1. juni. for påfølgjande barnehageår. Når foreldre søker etter søknadsfristen, vil de få innvilga søknaden frå påfølgjande månad.</p> <p>Redusert betaling</p> <p>Redusert opningstid gir ingen rett på redusert foreldrebetaling.</p> <p>Stenging av ein avdeling eller barnehage inntil tre dagar samanhengande, gir ingen reduksjon i foreldrebetaling.</p>

	<p>Stenging av ein avdeling eller barnehage 4 dagar samanhengande eller lengre, gir reduksjon i foreldrebetaling.</p> <p>Dersom barnet blir borte frå barnehageplassen sin ein månad eller meir ved skade eller sjukdom, blir det gitt fritak for foreldrebetaling i hele perioden barnet er borte. Dette må dokumenterast med legeerklæring.</p>
§ 14 FERIE	<p>Alle barn skal ta ut 4 heile ferieveker i løpet av barnehageåret jf. ein betalingsfri månad kvart år.</p> <p>Barnehagane har stengt mellom jul og nyttår og mellom palmesundag og skjærtorsdag i påskeveka. Dette utgjer ein av dei fire ferievekene barna er pålagt å ha.</p> <p>Barnehagane har stengt dei to siste vekene i juli.</p> <p>For skulestartarar som har sagt opp plassen til 1. august, må dei 4 ferievekene ha blitt tatt ut før 1. august, for å ikkje måtte betale for dei.</p>
§ 15 PLANLEGGINGSDAGAR	<p>Barnehagane har 5 planleggingsdagar i året.</p> <p>På desse dagane har barnehagane stengt. Planleggingsdagane ligg til skulen sine plandagar med unntak av ein plandag vårhalvåret.</p> <p>Foreldra skal informerast i god tid.</p>
§ 16 NYNORSK	<p>Nynorsk målform skal, så langt råd er, nyttast i songar og litteratur i barnehagane, jf. Ål kommune sin målbruksplan.</p>
§ 17 POLITIATTEST	<p>Dei som skal arbeide i barnehagane, må leggje fram tilfredsstillande politiattest. Attesten skal syne om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn, jf. barnehagelova § 30 og Forskrift om politiattest i høve barnehagelova.</p> <p>Dette gjeldt også for vikarar, lærlingar, studentar og tilsette frå andre hjelpetenester.</p>
§ 18 TEIEPLIKT	<p>Alle som arbeider i barnehagane har teieplikt etter forvaltningslova § 13. Dette gjeld også vikarar, lærlingar, studentar og tilsette frå andre hjelpetenester.</p>

§ 19 OPPLYSNINGSPLIKT	<p>Alle som arbeider i barnehage skal vere merksam på tilhøve som kan føre til tiltak frå sosialtenesta og barnevernstenesta. Dei tilsette har opplysningsplikt i høve til dette, jf. barnehagelova §§ 45 og 46.</p>
§ 20 AKTIVITETSPLIKT	<p>Alle som arbeider i barnehage eller som oppheldt seg fast i barnehagen har ein aktivitetsplikt.</p> <p>Dei skal etter barnehagelova kapittel 8</p> <ul style="list-style-type: none"> - Følgje med - Melde frå - Undersøkje <p>Sette inn egna tiltak og evaluere.</p>
§ 21 HELSE-KONTROLL	<p>Før eit barn byrjar i barnehage, skal det leggjast fram erklæring om helsa til barnet. Barnehagen sitt personale har plikt til å gjennomgå adekvat tuberkulosekontroll, jf. barnehagelova § 50.</p> <p>Foreldra skal seie frå til personalet i barnehagen dersom barnet/barna har fått ein smittsam sjukdom.</p>
§ 22 INTERN- KONTROLL	<p>Barnehagane er ein del av Ål kommune sitt internkontrollsysten.</p> <p>Kommunen kan føre tilsyn med kvar barnehage jf. barnehagelova §53</p>
§ 23 KOMMUNENS MANDAT	<p>Administrasjonen på oppvekstkontoret står fritt til å endre plassering for barnehageavdeling ved behov for fleire barnehageplassar i kommunen.</p> <p>Lokala må vere godkjente.</p>

**Har du andre spørsmål? Ta kontakt med barnehagane eller oppvekstkontoret.
Sjå også www.aal.kommune.no**

ME YNSKJER DYKK VELKOMEN TIL BARNEHAGANE I ÅL!